

---

**Fra:** Bøyum Tone <tone.boyum@vegvesen.no>  
**Sendt:** fredag 24. november 2017 13.01  
**Til:** Rune Bø  
**Kopi:** Postmottak Radøy  
**Emne:** 17/79872-7 - Vedrørende val av vegtrase - Oppstart av nye Bø barnehage - Radøy kommune

Hei!

Statens vegvesen syner til din e-post om planarbeid for Områdeplan Bø i Radøy kommune. Det er meldt oppstart for planarbeidet med høyringsfrist i dag.

Det er kommunen som er rett planmynde, og som kan svare ut dine spørsmål.

Vi vil elles rå til at du sender dine merknader til forslagsstillar for planarbeidet innan høyringsfristen.

Med helsing  
Tone Bøyum

**Seksjon:** Plan- og forvaltningsseksjon Bergen  
**Postadresse:** Statens vegvesen Region vest, Postboks 43, 6861 LEIKANGER  
**Kontoradresse:** Nygårdsgaten 112, BERGEN  
**Telefon:** +47 55516792 **e-post/Lync:** [tone.boyum@vegvesen.no](mailto:tone.boyum@vegvesen.no)  
[www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no) **e-post:** [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)

Tenk miljø - spar papir. Treng du skrive ut denne e-posten?

---

**Fra:** Rune Bø [<mailto:ru-boe2@online.no>]  
**Sendt:** 14. november 2017 19:48  
**Til:** Firmapost-Vest <[firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)>  
**Emne:** Vedr oppstart av nye Bø barnehage

Hei !

Vedr val av vegtrasè for nye Bø barnehage.

Me har tidlegare kontakta dykk, mtp Radøy kommune sitt val av vegtrasè. Fekk då som svar frå dykk at me måtte kontakte Radøy kommune angående denne saka.

Dette viser seg å ha vorte vanskeleg, då kommunen ikkje respnderer positivt på våre ønsker om ei synfaring for å utgreie andre alternativ til val av innkøyring.

Me har også kontakta Hordaland fylkeskommune, men deira svar er at dei brukar Statens vegvesen i denne typen saker, og henvendar oss vidare til dykk.

Me har også kontakta Forum arkitekter, då dei er avsendar på brev til oss naboar der det blir varsla om oppstart av ny reguleringsplan. Der kjem det fram at tiltenkt trasè skal gå slik den gjer i dag. Iflg dei er det bestemt at vegen skal gå slik den gjer i dag, altså slusast gjennom byggjefeltet vårt.

Mykje av årsaka til vår bekymring er som nemnt vegstandard. Men me har og sett ei kraftig auke i trafikken dei siste åra. Dette problemet vert ikkje mindre no med ny barnehage og med ny områdeplan som snart er på plass.

Me ber instendig om at me kan få i stand ei befaring. Vegvesen, politikarar, administrasjon i kommunen og oss naboar. Det er då ein ser dei reelle utfordringane som er mtp trafikk og vegstandard.

Me legg ved link til kommunen sitt forslag til ny reguleringsplan, som no er ute på høring. Legg og ved varselet frå Forum Arkitekter.

<https://www.radoy.kommune.no/kommunedelplan-boe-og-oppheving-av-eldre-reguleringsplanar-kunngjering-1-gong-offentleg-hoeyring-og-ettersyn.6052340-331726.html>

Mvh  
Bebuarane på Nordbø

Rune Bø  
Steinar Floen  
Rune Marøy  
Eli Solheim  
Atle Nordanger  
Arne Floen  
Ronni Dinesen